

Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Dato: 03.08.2026

Lat nettleiga frå kraftproduksjon bli verande lokalt

Nettselskapa Linja, Kystnett, Linea, Indre Hordaland KraftNett, Sygnir, Fjellnett, Arva, Tendra Nett, Føie og Fagne ønskjer med dette å peika på ei ubalanse i dagens regulering av nettleige frå kraftproduksjon i regionalnettet, og kva konsekvensar dette har for straumkundar og lokalsamfunn i kraftoverskotsområde.

Etter gjeldande regelverk får ikkje lokale nettselskap behalda heile nettleiga frå kraftverk som leverer kraft inn i eige regionalnett. Fastleddet frå denne produksjonen blir overført til Statnett, sjølv om det er det lokale nettselskapet som eig nettet, byggjer det ut, driftar det og sit med investeringskostnadene og risikoen.

For alle andre kundegrupper i Noreg får nettselskapa behalda nettleiga. Unntaket gjeld kraftproduksjon kopla til regionalnettet.

Nettselskapa har tilknytingsplikt og må gjennomføra betydelege investeringar i regionalnettet for å leggja til rette for ny kraftproduksjon. Desse investeringane blir finansierte gjennom nettleiga til nettkundane i området.

I ein slik situasjon skulle inntektene frå kraftproduksjonen og kraftselskapa ha bidrege til å styrkja økonomien i nettet og halda nettleiga lågare for kundane. I staden skjer det motsette: Nettselskapa tek kostnadene ved å leggja til rette for ny produksjon, medan inntektene blir sendt ein annan stad. Resultatet er at nettkundane i kraftproduserande område betalar meir, ikkje mindre, enn dei elles ville gjort - medan Statnett får inntekter frå investeringar dei ikkje har finansiert.

I praksis inneber dagens regulering at område som tek ansvar for å byggja ut ny fornybar kraft og leggja til rette for det grøne skiftet, kjem dårlegare ut økonomisk som følge av dette ansvaret. Det framstår som urimeleg overfor dei nettselskapa og nettkundane som bidreg til å realisera nasjonale mål om elektrifisering og klimaomstilling.

Skal Noreg lukkast med klimaomstillinga, trengst meir kraft og meir nett – ikkje mindre. Då kan ein ikkje ha eit regelverk som økonomisk svekkjer dei områda som faktisk byggjer ut og legg til rette for denne utviklinga.

Løysinga er avgrensa og konkret. Alt som trengst, er at Energidepartementet legg til tre ord i gjeldande forskrift: «og regionalt distribusjonsnett». Då vil også forskrifta samsvara med Energiloven som berre operer med to nettnivå.

Me ber Energidepartementet ta tak i saka, endra forskrifta og retta opp denne ubalansen.

Slik unngår ein at urimelege rammevilkår svekkjer dei områda som faktisk byggjer ut ny kraft. Samstundes sikrar ein at kraftoverskotsområda kan halda fram med å leggja til rette for ei raskare og meir effektiv klimaomstilling i Noreg.

Med helsing,

Nettselskapa

Linja

Kystnett

Linea

Sygnir

Indre Hordaland KraftNett

Fjellnett

Arva

Tendra Nett

Føie

Fagne